

Lindås kommune
Byggjesak
Kvernhusmyra 20
5914 ISDALSTØ

Vår referanse: 18052-B02_2
Bergen, 20.09 2019

LINDÅS KOMMUNE – EINING FOR TEKNISK DRIFT. ISDAL. OMLEGGING VASSLEIDNING. GNR. 185 BNR. 2, 4, 5. SØKNAD OM RAMMELØYVE.

På vegne av Lindås kommune – Eining for teknisk drift søker vi med dette om rammeløyve til å bygge vassleidning i Isdal.

Lindås kommune skal leggje ny vassleidning gjennom Isdal som erstatning for dagens rørleidning langs veg. Prosjektet vil omfatte ny rørleidning mellom trykkaukingsstasjon på gnr/bnr. 185/4 og vassverkskum på gnr/bnr. 185/2. Vassleidning leggjast gjennom Isdalsvatnet.

Stikkleidningar frå ny hovudvassleidning leggjast fram til private eigedomar som i dag er knyta til kommunal leidning gjennom Isdal.

Parallelt med hovudvassleidning leggjast pumpeleidning for spillvatn. Leidning koplast til kommunalt nett. Bustader i Isdal kan framtidig knytast til denne leidning for sanering av private septiktankar. Montering av avløpspumpe på kvar eigedom vil bli naudsynt.

Det søkjast om dispensasjon frå Kommunedelplan Knarvik-Alversund for legging av vassleidning på areal regulert til LNF (Landbruk, Natur og Friluft). Dyrka innmark vil bli reetablert.

Det søkjast og om dispensasjon frå Plan- og bygningslova (§1-8) for legging av rørleidning i/langs vassdrag.

Innan utløp av frist for merknad til nabovarsel har vi mottatt ein merknad. Då dei to kommentarane frå eigar av gnr/bnr. 185/5 anten er handtert i planar (VA-trase i veg til gnr/bnr. 185/57) eller i avtale med Lindås kommune (legge stikkleidning til fire framtidige bustadtomtar på gnr/bnr. 185/5), vurderer vi at merknaden er svart ut.

Avtale om legging av vassleidning over privat eigedom er inngått med eigarar.

Spørsmål til søknaden kan rettes til underteikna (tlf. 55 59 82 60/e-post thor-henrik@haugen-vva.no) eller Eining for teknisk drift v/Atle Dingen (tlf. 56 37 56 85).

Vi vonar om ein positiv sakshandsaming.

Med venleg helsing



Thor-Henrik Fredriksen

Vedlegg:

Søknad om rammeløyve

Dispensasjonssøknad

Rapport naturmangfald

Grunnavtale med gnr/bnr. 185/2, 185/4 og 185/5

Teikn.nr.

GH01 – Ledningsplan (M=1:1000)

GH02 – Ledningsplan og profil sør, kum eks V1-V1 (M=1:500/100)

GH03 – Ledningsplan og profil nord (M=1:500/100)

GH10 – Detalj ledningsgrøft og kum S1(M=1:20)

GH20 – Plan og snitt vannkum V1 (M=1:20)

Kopi av brev og vedlegg:

Lindås kommune, Teknisk drift v/Atle Dingen